



# NOREGS HØGSTERETT

Den 14. februar 2020 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Webster, Falch og Høgetveit Berg i

**HR-2020-384-U, (sak nr. 20-007713STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

A (advokat Øystein Ola Storrvik)

mot

Påtalemakta

sagt slik

## VEDTAK OG DOM :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens dom i ei sak om mellom anna fridomstap og vold. Spørsmålet er om anken skal fremjast til handsaming i Høgsterett og om delar av lagmannsrettens dom må opphevast, jf. straffeprosesslova § 323.
- (2) Den 14. januar 2019 vart A, fødd 00.00.1978, tiltalt for brot på straffelova § 254, § 272, jf. § 271, § 263 og vegtrafikklova § 31. Ved tiltalevedtak 6. februar 2019 vart A vidare tiltalt til dom på gjeninnsetjing i forvaring etter prøvelauslating.
- (3) Oslo tingrett sa 16. mai 2019 dom med slik domsslutning:

**«A, født 00.00.1978, dømmes for overtredelse av straffeloven § 254, straffeloven § 272, jf. § 271, straffeloven § 263, jf. § 264 og vegtrafikkloven § 31 første ledd, jf. 24 første ledd første punktum til gjeninnsettelse i forvaring etter prøveløslatelse fra Ringerike tingretts dom av 2. april 2012 i medhold av straffeloven § 43 og til forlengelse av tidsrammen med 5 år, jf. straffeloven § 43 første ledd, jf. § 40.**

**Tidsrammen for forvaring ble sist, ved Borgarting lagmannsrett dom av 7. mars 2018, forlenget til 22. august 2019. Forlengelsen gjelder fra denne dato.**

**Til fradrag i tidsrammen kommer utholdt varetekt med 311 dager per 16. mai 2019.**

**A, født 00.00.1978, dømmes til å tåle inndragning av luftpistol, kniv og batong, jf. straffeloven §§ 69 og 70.**

**A, født 00.00.1978, dømmes til å betale 2.257 – totusentohundreogfemtisyv – kroner i erstatning og 40.000 – førtitusen – kroner i oppreisning til B, innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.»**

- (4) A anka dommen. Borgarting lagmannsrett sa 19. november 2019 dom med slik domsslutning:

- «1. **A, født 00.00.1978, dømmes for overtredelse av straffeloven § 254, straffeloven § 272 jf. § 271 og straffeloven § 263 samt det forhold som ble endelig avgjort ved Oslo tingretts dom 16. mai 2019, alt sammenholdt med straffeloven § 79 bokstav a og b, til forvaring. Tidsrammen settes til 3 – tre – år. Minstetiden settes til 2 – to – år. Til fradrag i tidsrammen og minstetiden kommer 498 – firehundreognittiåtte – dager for utholdt varetekt.**
2. **A dømmes til å betale 50 000 – femtitusen – kroner i oppreisningserstatning til B innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av dommen. Forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven påløper fra forfall til betaling skjer.**
3. **Anken fra A over idømt erstatning for påførte utgifter forkastes.»**

- (5) A har anka lagmannsrettens dom til Høgsterett. Anken gjeld sakshandsaminga og straffutmålinga. Han gjer i korte trekk gjeldande at lagmannsrettens domsgrunnar er mangelfulle, og subsidiært at straffa er for streng. Forvaringstida er for lang og det er gitt for lite varetektsfrådrag. Tiltalte var underlagt eit fengslingsregime der han satt i isolasjon 22 timar eller meir per døgn. Tiltalte har krav på 76 dagar meir i varetektsfrådrag, jf. HR-2019-2048-A.
- (6) *Påtalemakta* er samd i at A skulle hatt 76 dagar meir i varetektsfrådrag, og meiner at dette er noko ankeutvalet kan rette i medhald av straffeprosesslova § 44. Dei andre delane av anken har ikkje noko føre seg. Lagmannsrettens dom er rett og det er ikkje grunnlag for å fremje anken.
- (7) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anke til Høgsterett ikkje kan fremjast til handsaming utan samtykke frå ankeutvalet. Utvalet kan berre samtykke når anken gjeld spørsmål med tyding utanfor den aktuelle saka eller andre tilhøve gjer det særleg viktig at anken blir handsama av Høgsterett, jf. straffeprosesslova § 323 fyrste ledd fyrste og andre punktum.
- (8) Høgsteretts ankeutval finn at det ikkje er tilstrekkeleg grunn til at anken over sakshandsaminga og delar av straffutmålinga, forvaringstida, blir handsama av Høgsterett, jf. straffeprosesslova § 323.
- (9) Det er som ankegrunn gjort gjeldande at varetektsfrådraget er for lite ved at isolasjon i 22 timar eller meir per døgn skal reknast som fullstendig isolasjon og gje ytterlegare frådrag i straffa etter straffelova § 83. Det er vist til HR-2019-2048-A. Også påtalemakta har vist til HR-2019-2048-A og kravd at ankeutvalet rettar lagmannsrettens domsslutning i medhald av straffeprosesslova § 44, slik at samla varetektsfrådrag blir auka med 76 dagar og sett til 574 dagar per 19. november 2019. Partane er samde om omfanget av det auka varetektsfrådraget.
- (10) Ankeutvalet kan ikkje sjå at vilkåra for retting etter straffeprosesslova § 44 er oppfylt. Det er ikkje tale om skrive- eller reknefeil eller nokon annan openbar feil på domstidspunktet.
- (11) Etter straffeprosesslova § 323 tredje ledd kan anke over lagmannsrettens dom avgjerast utan ankeforhandling når ankeutvalet samrøystes finn det klart at dommen heilt eller delvis bør opphevast, eller at den sikta må frifinnast fordi den påtalte handlinga ikkje er straffbar eller straffansvaret er falle bort.
- (12) Ankeutvalet finn det klart at dommen må opphevast for den delen av straffutmålinga som er knytt til varetektsfrådraget. Utvalet viser til HR-2019-2048-A. Utvalet finn etter omstenda ikkje grunn til også å oppheve ankeforhandlinga, jf. straffeprosesslova § 347 fyrste ledd. Det

vil vera opp til lagmannsretten å avgjera om det er naudsynt med nye munnlege forhandlingar.

(13) Avgjerda er samrøystes.

### S L U T N I N G

1. Lagmannsrettens dom blir oppheva for den delen av straffutmålinga som er knytt til varetektsfrådraget.
2. Elles blir anken ikkje fremja.

Ingvald Falch  
(sign.)

Bergljot Webster  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)